



NVE  
nve@nve.no

Dykkar ref.: 201201010-30 ekkv/swj  
201914739-9 ekkv/swj

Vår ref. (refererast ved svar): 27-F/21, 29- Dato: 31.01.2022  
F/21

## **Vilkårsrevisjon for Eksingedalsvassdraget og Teigdalsvassdraget (Evangerutbygginga), og for Steinslands-/Modalsvassdraget, konsekvensar og tiltak for villrein**

Me syner til høyring av vilkårsrevisjon for Evanger kraftverk – Eksingedalsvassdraget og Teigdalsvassdraget, ref 201201010-30 ekkv/swj og høyringa av vilkårsrevisjon for Steinslands-/Modalsvassdraget, ref. 201914739-9 ekkv/swj. Dei vassdraga som er regulert i desse konsesjonane har sine kjelder i fjellområde som er ein del av Fjellheimen villreinområde, og det ligg ei rekke reguleringsmagasin innanfor leveområdet til villreinen. Villreinnemnda har handsama saka i møte 09.11.2021, sak H-21 12, og nemnda har vidare godkjend uttalebrevet ved elektronisk vedtak datert 31.01.2022.

Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell er ei statleg nemnd, nedsett av Miljødirektoratet jfr. Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 21. Nemnda er sett saman av politisk valde representantar frå kvar kommune med areal i respektive villreinområde. Vårt mandat inneber m.a. å arbeide for ivaretaking av villreinstammen i villreinområda og villreinen sine leveområde.

Ivaretaking av villrein er ein vesentleg samfunnsinteresse, der Noreg dessutan har eit særleg internasjonalt ansvar som forvaltar av siste rest av vill fjellrein i Vest-Europa. Villrein er rekna som ein truga art på den globale raudlista (*IUCN, Red List of Threatened Species*) på grunn av ein global nedgang på kring 40% sidan 1990. I 2021 vart arten og ført opp på vår nasjonale raudliste, der dei største trugsmåla mot arten er arealbeslag og fortrengning, saman med klimaendringar og sjukdom.

Ivaretaking av villrein er og ivaretaking av det sårbare høgfjellsøkosystemet. Villrein er dessutan ein viktig utmarksressurs både i form av jaktbart vilt og som mogleg grunnlag for andre næringer t.d. naturbasert og kulturbasert reiseliv. Villrein er og grunnlaget for ein mange tusenårig ubrotten norsk jakttradisjon, bekrefta av utallege kulturminne.

Nedbygging av leveområde, ferdsl og inngrep skapar betydeleg press på villreinen sine leveområde, og deler av områda er gått ut av bruk. For å betre ivareta villreinens leveområde har Stortinget m.a. nyleg vedteke ein eigen kvalitetsnorm for villrein, etter heimel i Naturmangfaldlova § 13. I samband med denne kvalitetsnorma skal alle villreinområde verte klassifisert etter tre delnormer. Dei tre normene omhandlar bestandsforhold, lavbeite og leveområde og menneskeleg påverknad. Dersom villreinområdet vert klassifisert til dårleg tilstand etter kvalitetsnorma skal det gjennomførast ein påverknadsanalyse for å klarlegge årsakene, og Klima- og miljødepartementet bør i samråd med andre ansvarlege myndigheiter utarbeide ein tiltaksplan (*Kvalitetsnorm for villrein, fastsett ved Kgl.res. 23.06.20, artikkel 4*). Prioritering, finansiering og gjennomføring av avbøtande tiltak vil krevje tett samarbeid mellom fleire aktørar, då også kraftregulantar. Implementeringa av kvalitetsnorma er soleis relevant for revisjonsarbeidet.

Villreinnemnda sine viktigaste, overordna krav i høve til handsaminga av sakene, og i høve dei nye vilkåra er desse:



# Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

- Det må setjast av midlar til kunnskapsheving og til gjennomføring av avbøtande tiltak som kan betre villreinen sine moglegheiter for frie trekk. Villreinnemnda meiner det må etablerast eit fond etter modell av nye vilkår for Aurareguleringen jfr. kgl.res av 23.06.2021 og nye vilkår for Hemsilreguleringen, jfr. kgl.res. av 23.06.2021.
- Verknadar for villrein må vurderast på landskapsnivå. Vilkårsrevisjonane for dei tre revisjonsobjekta innanfor Fjellheimen villreinområde må handsamast samtidig der kvar sak tek opp i seg heilskapen i fjelløkosystemet og kraftutbygginga si totale belastning på leveområdet med tanke på villreinen sine vandringsmoglegheiter.
- Nyutvikla metodar med datasimulering for å berekne totalbelastninga av inngrep og forstyrning på villreinområde og mogleg verknad av konkrete avbøtande tiltak må takast i bruk.
- Tiltak som reduserer forstyrningar og/eller fysiske hinder for villreintrekk må anerkjennast som aktuelle avbøtande tiltak for den skaden på villreinen sine trekkmoglegheiter som er skapt av kraftutbygging, sjølv om tiltaket evt. vil skjer utanfor område med kraftrelaterte fysiske inngrep.

## Påverkinga av villreinen sitt leveområde frå kraftutbygging

Fjellheimen villreinområde har ei villreinstamme som har lege på 400 – 500 dyr i vinterstamme sidan midt på 2000-talet. Bestandsmålet er pr. i dag på 500 vinterdyr.

Vedlagte presentasjon fortel innleiingsvis m.a. om topografien i området, og dei naturlege samt menneskeskapte begrensingane for trekk. Vidare kjem ein gjennomgang av dei einskilde kraftmagasina innanfor dei to revisjonane, og korleis dei, og tilhøyrande vegar, har påverka terreng og trekkmoglegheiter.

I dei overordna skildringane av villreinområdet og dyra sin arealbruk i framstillinga vidare i uttalen, er reguleringane omtalt uavhengig av kva konsesjon dei ligg i. Dette er fordi utbyggingane har så sterkt samverkande effekt.

Kraftutbygging av vassdraga innanfor Fjellheimen villreinområde har fjerna ei rekke trekkpassasjar, samt forstyrra ytterlegare nokre passasjar. Alle dei større vassdraga i fjellområdet er bygde ut, og ein har kraftmagasin innanfor villreinområdet i både Viks- og Arnafjordvassdraget, Eksingedalsvassdraget, Teigedalselvi (sidevassdrag til Vossovassdraget) og Steinsland-/Modalsvassdraget. Til saman har kraftutbygginga medført vesentlege endringar i villreinen sitt rørslemønster, og dyra sin moglegheit til å utnytte ressursane i villreinområdet.

Store areal i nordvestre del av villreinområdet har ingen bruk i sommarhalvåret og svært avgrensa bruk i vinterhalvåret, og då berre av bukk. Det er kjent at bukk har lægre terskel for å forsere hindringar, både når det gjeld uroing og når det gjeld vanskeleg terreng. Dei brukar ytterkantane i større grad, og totalt sett eit større areal enn fostringsflokkar.

Området har i kjent tid, før kraftutbygginga, hatt ei dyrestamme på 1000 dyr. Dyra hadde status som tamrein, og hadde opphav i utsette dyr, men dei var ikkje merkte og vart ikkje gjette, men levde fritt på same måte som villreinstammene i dag. For denne stamma var beitedalar i nordvest, som i dag er utan bruk, kjende som kjerneområde med mykje dyr. På grunn av strid med husdyrnæringa vart stamma avvikla ved nedskyting på 60-talet. Dagens villreinstamme har opphav i ein rest som gjekk att på Vikafjellet og nye dyr sett ut i hovudsak på 70 talet. Det meste av kraftutbygginga har skjedd i tidsperioden mellom tidlegare og dagens stamme.

Det største trekkhinderet i Fjellheimen, som deler villreinområdet fysisk i to, er Rv 13 over Vikafjellet. Magasina Målsetvatnet og Skjelingen, som ligg nær vegen, og dessutan Store Muravatnet, har samverkande effekt med vegen i denne todelinga, då dei alle har fjerna trekkruiter som har ført mot område som er eller kunne vore kryssingspunkt av vegen. Dei neddemte areala under Kvilesteinsvatnet, Raudbergvatnet/Vassøyane, Askjeldalsvatnet og Skjerjvatnet, har og innsnevra moglegheitane for trekk inn i nordvestområdet for dyr i sør og aust. Dei smale sonene mellom desse magasina har anleggsveg eller tursti, noko som potensielt kan svekke moglegheita for kryssing. På grunn av trekkhinderet i Rv 13, er det og sjeldnare, og då stort sett i mindre flokkar, at det kjem dyr inn i område kor dei potensielt kunne ha trokke vidare mot nord-austre delar av villreinområdet.

Sekretariatsadresse:

Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell  
Statsforvaltaren i Vestland, Statens hus, Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

[sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no)



# Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

## Om kunnskapsgrunnlaget

I sitt revisjonskrav har kommunane bede om at regulanten skal innhente kunnskap om kraftutbygginga sin verknad på villrein, då det aldri er gjennomført nokon studiar av dette for Fjellheimen.

Me syner til vår høyringsuttale til vilkårsrevisjon for Vik- og Arnafjordvassdraget datert 28.06.2021 (ref 52-F/20). I denne uttalen bad me om at saka måtte sjåast i samanheng med vilkårsrevisjon for dei andre konsesjonane i villreinområdet, for å støtte kravet til økosystemtilnærming i Naturmangaldlova §10. Med dei to revisjons sakene som no vert handsama, har NVE moglegheita til dette.

I nemnde uttale syner me og til forskning og utvikla metodar gjennom prosjektet RenewableReindeer, for å teste verknadar av tiltak (*Panzacchi M., Van Moorter B., Strand O., Kivimåki I., Særens M., et al - NINA Temahefte 81 in prep.*). Eit godt døme på bruken av metoden finst i NINA Rapport 1903 der det er gjennomført datasimuleringar av fire ulike fokusområde for Hardangervidda villreinområde.

Det finst allereie mykje dokumentasjon om villreinområdet, og om korleis villreinen nyttar dette, sjølv om ingen tilgjengelege rapportar går i detalj om korleis dette er påverka av kraftutbygginga. Nyleg er det gjennomført ei kartlegging av leveområdet, der ein har samla kunnskap om områdebruk til ulike årstider og om viktige trekkruoter og -passasjer (Bøthun 2020). Rapporten kan lastast ned frå Norsk villreinsenter sin nettside; [NVS Rapport 28/2020](#). Her ligg oppdaterte kart som syner bruken av ulike årstidshabitat og viktige trekkveggar. Denne rapporten inneheld og ei kjeldeliste med referansar til tidlegare faglitteratur om villreinområdet. Det er beklageleg at den oppdaterte kunnskapen enno ikkje er oppdatert i Miljødirektoratet sin database, Naturbase. I Naturbase ligg det i dag dessverre svært mangelfulle opplysningar om arealbruken i Fjellheimen.

Me ser at BKK, i revisjonsdokumenta, har synt figurar frå naturbase som illustrasjonar av villreinen sin arealbruk, sjølv om forfatarane syner, ved tilvising, at dei kjenner til NVS-rapport 28/2020. Fleire kartillustrasjonar i revisjonsdokumenta er av den grunn direkte missvisande. Dette gjeld dessverre og nokre illustrasjonar som er henta frå NVS-rapport 28/2020, av den grunn at figurteksten i revisjonsdokumentet er feil. Til dømes er kart over punkt der flokkar er funne under kalveteljing, synt som ein illustrasjon på kalvingsområde. Desse teljingane er gjennomførte om sommaren, i hovudsak i juli månad, slik at karta er eit bilete på areal nytta til sommararbeite, og ikkje til kalvingsområde. Liknande feiltolkning er gjort når ein syner kart frå minimumsteljingar gjort om vinteren. Kartet syner kor talde flokkar har opphalde seg når dei er talde (hovudsakleg i perioden februar/mars), men har fått ein figurtekst som påstår at kartet syner hovudtilhaldsområda til villreinen i Fjellheimen.

Magasina sin påverking av rørslemønsteret er, som nemnd, eit fenomen som aldri har fått vesentleg merksemd, og dei gamle trekkrutene er ikkje kartfesta. Den kunnskapen som er lagt til grunn av villreinnemnda er henta inn frå lokale informantar i samband med ulike høyringar. Fleire av desse trekka kan og sannsynleggjerast, og dels stadfestast, gjennom lokalisering av fangstminne. Villreinnemnda har etterspurt eit systematisk forskings- og kartleggingsarbeid om dette, i våre innspel til kommunane ang. revisjonskrava og i vår høyringsuttale til revisjon for Vikja- og Arnafjordvassdraget.

I revisjonsdokumenta avviser regulantane kravet om en fagrapport, og meiner det er god nok kunnskap. BKK syner m.a. til eit fagnotat som vart laga for Voss herad i samband med revisjonskravet. Notatet var meint å synleggjere kva for problemstillingar det var viktig å få undersøkt nærare i samband med revisjonen, og vart brukt som ei støtte for kravet om grundige utgreiingar kring tema villrein. Det er underleg å finne at det vert nytta som grunnlag for ein påstand om at kunnskapsnivået er tilstrekkeleg.

Me bed NVE legge vekt på kunnskapsspørsmålet, og siterer frå høyringsuttalen til vilkårsrevisjon for Viks- Arnafjordvassdraget:

*«Utan ei utgreiing om villrein vil me miste moglegheiter til å oppnå forbetringar på miljøskade som reguleringane har skapt, med kunnskapsmangel som årsak til å unnlate å avbøte skadane. Dette vil være eit brot på Naturmangaldlova, som jfr. § 8 krev at alle offentlege vedtak som kan få følgjer for naturmangaldet, skal kvile på best mogleg kunnskap. 1. ledd*

Sekretariatsadresse:

Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell  
Statsforvalteren i Vestland, Statens hus, Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

[sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no)



# Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

*seier* : «Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.» *Kravet må og gjelde der eit fornya vedtak kan få positiv verknad.*

*OED sin rettleiar om revisjon av konsesjonsvilkår frå 2012 seier i kap 4.1 (s.10): «Revisjonen gir mulighet til å sette nye vilkår for å rette opp skader og ulemper for allmenne interesser som har oppstått som følge av reguleringene. Dette er særleg aktuelt ved skader og ulemper som ikke var forutsatt på konsesjonstidspunktet eller som i dag vurderes annerledes som følge av endrede samfunnsforhold og verdsetting av miljøkvaliteter.» (vår understreking).*

*Villrein er eit særst godt døme på tema der det ikkje vart gjort vurderingar på konsesjonstidspunktet, og der samfunnstilhøve og verdsetting som naturverdi er vesentleg endra. I tillegg er vårt kunnskapsnivå, både om villreinen som art og om kraftutbygging sin verknad på arten sine leveområde, mykje større i dag. Sjølv om regulanten ikkje skal utarbeide ein full KU om reguleringa, meiner villreinnemnda det er eit rimeleg krav at det vert innhenta tilstrekkeleg kunnskap om villrein til å kunne vurdere kva for avbøtande tiltak som kan ha positiv effekt, og om det er rimeleg å krevje desse.»*

## Vilkår som kan betre tilhøva for villrein

Villreinnemnda meiner det er mogleg å redusere trekkhindre, og slik avbøte på hovudutfordringane i området, utan at dette vil gje urimelege kostnader for regulanten, og utan at det vil medføre produksjonstap.

Det vil være verknadsfulle avbøtande tiltak å redusere hindringar i nokre av dei trekkvegane som er berre delvis stengde i dag. Det vil kunne gjenopprette ein del av det tapte i høve rørslemønsteret, og gje auka moglegheit for tilkomst til areal som er lite brukt i dag. Dette gjeld særleg kryssingspunktka for Rv 13 og tilkomstrutene for desse kryssingane. Mange tiltak kan være aktuelle, som omlegging av turstiar, flytting av parkeringsplassar, fjerning av autovern, utjamning av bratte vegskråningar eller skjæringar m.m. Til slike tiltak trengst ofte økonomi. Villreinnemnda meiner det bør opprettast eit villreinfond for Fjellheimen villreinområde etter mønster av fonda som vert oppretta Snøhetta og for Nordfjella, jfr. Kgl. Res. Av 23.06.2021, for Auravassdraget og for Hemsilvassdraget. I eit slikt fond bidreg regulantane i høve til sine respektive konsesjonar i området. Fondet vil og kunne nyttast til avbøtande tiltak pålagt av Miljødirektoratet etter standard naturforvaltingsvilkår.

Vidare er det særst viktig er å passe på at dei trekkpassasjane som er att vert haldne frie for uro og skjerna mot nye inngrep. Eit viktig grep her er å hindre at anleggsvegane får ein høg ferdsel. Vilkår om at vegane skal være opne for fri ferdsel bør endrast til at dei berre skal være opne og tilgjengelege for grunneigarar og andre rettshavarar.

For spesifikke, konkrete tiltak i området syner me til vedlagte presentasjon, der me gjer framlegg til tiltak knytt til det einskilde magasinet. Nokre av tiltaka lyt vurderast opp mot andre interesser, til dømes ferdsel på anleggsvegar. Me meiner det er viktig at tiltaka i minst mogleg grad skapar hinder for stadbunden næring, t.d. beitenæringa. Det kan løysast ved at grunneigarar har nøkkel til evt. bom. Dei to siste plansjane i vedlegget summerer opp konfliktane med rein skapt av utbyggingane i dei to revisjonsobjekta, og set punktvis fram forslag til nye vilkår som kan betre tilhøva for villreinen. Me gjentek desse (mrk. – nokre punkt er overlappende med overordna krav, nemnd tidlegare):

- Vilkåra må opne for at regulanten skal kunne stenge anleggsvegar for allmenn ferdsel dersom omsynet til villrein gjer det naudsynt.
- Gjennom standard naturforvaltingsvilkår bør regulanten få krav om avbøtande tiltak som ikkje gjev produksjonstap
  - Samarbeide med andre aktørar, som kommunar, turlag, grunneigarar, reiselivsnæring om å skjerme trekkpassasjer forbi reguleringsmagasin der nokre av dei tidlegare trekkrutene er tapte. Gjeld særleg i Vola og Raudalsvatnet-Vassøyane

Sekretariatsadresse:

Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell  
Statsforvaltaren i Vestland, Statens hus, Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

[sfvlpst@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpst@statsforvalteren.no)



# Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

- Forplikte seg på å unngå brot på trekkveggar, særleg ved utløpet av Holskardvatnet og mellom Stølsvatnet og Vøvringvatnet
- Avrunding av rette kantar (murer eller skjæringar) som gjer kryssing av veg vanskeleg; etter nærare kartlegging
- Bidra i fellestiltak for å lette utvekslinga av dyr aust-vest over Rv 13 Vikafjellet
- Kunnskapsinnhenting for å vurdere spesifikke tiltak; t.d. om ferdsel og nivået på ferdsla, om tidlegare trekk, m.a. gjennom vidare kartlegging av fangstminne, kartlegging av anleggsvegane med tanke på aktuelle kryssingspunkt for rein, studiar som kan kaste meir lys på årsaka til låg arealbruk av rein i nordvest, m.m.
- Ei fagutgreiing om kraftutbygginga si verknad på villrein, som kan syne heilskapen og prioritere aktuelle tiltak etter kva som vil få best effekt for villreinstamma
- Det bør påleggast å opprette eit eige villreinfond, uavhengig av viltfondet, som kan dekke tiltak gjeve som naturforvaltingsvilkår

Med helsing villreinnemnda, Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

Runar Tufto  
leiar

Siri Wølneberg Bøthun  
fagkonsulent

Dokumentet har 1 vedlegg eksklusive fagrapport jfr. lenke i teksten

Kopi til:

Fjellheimen villreinutval  
Vaksdal kommune  
Modalen kommune  
Voss herad  
Vik kommune  
Aurland kommune  
Høyanger kommune  
Statsforvaltaren i Vestland  
Vestland fylkeskommune  
Stølsheimen verneområdestyre  
Miljødirektoratet

Sekretariatsadresse:

Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell  
Statsforvaltaren i Vestland, Statens hus, Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

[sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no)



# Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

**Sekretariatsadresse:**

Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell  
Statsforvaltaren i Vestland, Statens hus, Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

[svfpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvpost@statsforvalteren.no)